

det er kvite skyer  
det er lyden av  
regnet som vil kome  
det er lyden av  
steg på grus

det er lyden av  
banking på ei dør: eg opnar  
som om eg var til stades

det er ho som står der: blafrande i gull  
ho seier tanken var  
at ingenting  
skulle takast med til det nye året

det er best eg ikkje seier noko  
det er best å ikkje røpe, ikkje vise at ein ser  
eg lar døra vere open

ho brenn  
ho brenn seg inn  
ho står i rommet mitt og brenn

det er kvite skyer  
det er lyden av  
regnet som vil kome  
det er ho som seier: kom!

store fuglar  
vagar mot oss  
som om dei ikkje fryktar  
like mykje som vi fryktar deira frykt  
eg reiser meg og hoiar

snur meg, ser på jenta som  
hadde sagt at dagen var så fin:  
vi kan dra med båten ut til øya  
vi kan sole oss, og bade, og der låg vi  
utan heilt å vite, utan heilt å kunne snakke om  
det vi veit og det vi ikkje kunne vite  
så eg reiste meg og hoia

fuglane forsvann, eg snudde meg mot henne  
ho har tatt av seg den lyse buksa  
og ho ligg der i ei gjennomsiktig truse  
bordane langs kanten er som handskrift  
tenkte eg, utan heilt å tenke

vi sykla heim i regnet  
trakka fort om kapp  
ho sa: pyse  
om du tør å sykle utan syn  
sa eg  
vi lét att auga  
sykla gjennom regnet  
kolliderte med så mange folk  
vi elles ikkje ville sett  
vi sykla heim, så vidare  
(det var så mykje regn,  
så mange menneske der ute)  
vi sykla gjennom verda  
frå TV-team til TV-team  
som riddarar av blinde tråkk  
til og med  
justisministeren  
hadde prøvd med hell  
vi sykla gjennom regnet  
gjennom korte dagar, lange dagar,  
lette skylag av folk  
gjennom alle dei og vi  
slik sykla vi oss bort

vindpusten  
som skrur møll til dur

det halve trinnet  
mellom no og før

mellom eg og vi  
og døra inn

til gule netter:  
det er regn i vinden

snart eit kyss

tiden

vi syng i dusjen  
*welchen Schmerz die Trennung macht*

vi syng  
vi syng så sterkt  
vi syng så sterkt vi kan

vi kan  
vi kan så himla høgt  
vi er så sterke som vi er

og endå sterkare  
og endå beinare  
og lenger inn i hagen

bortfører  
vi kvarandre

tiden

det litle rommet smiler med deg  
brysta grøder når det blæs  
ein tidleg sommar inn

i lungetreet ditt

ein hårfin  
glasballong som stig  
opp og opp til nådelause himlar

tiden